

## HØYRINGSINNSPEL

Sak	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans	NTL HiSF
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Medlemsmøte NTL nærregion Sogn og Fjordane
<b>Innspel</b>	
<b>Kap 4</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>For alle dei administrative oppgåvene er det lagt opp til at institusjonsnivået har eit strategisk ansvar. Det er viktig for å ivareta heilskapen og utvikling av lik praksis i den nye høgskulen. Samstundes vil me understreka at det administrative arbeidet, òg det strategiske, må vera forankra på alle studiestadene. Dette gjeld både institusjonsoppgåver, fellestenester eller oppgåver som høyrer til fakulteta sine ansvarsområde. Det inneber at oppgåver i alle kategoriane må utviklast og utførast av, eller med bidrag frå, administrativt tilsette på studiestadene. Dette vil styrka kvaliteten i tenestene sidan ein då tek i bruk kunnskapen i heile høgskulen, og det vil sikra forankringa og dermed gjennomføringsevna. I tillegg vil det bidra til å vidareutvikla arbeidsmiljøa, noko som styrkar grunnlaget for vidare utvikling.</p> <p>Døme på oppgåver som må vera knytt til studiestadene som ikkje eksplisitt er nemnt i rapporten, er praksis og studentrekruttering. Kunnskap om nærområdet, studentane og campus er ein føresetnad for å sikra kvaliteten på desse arbeidsoppgåvene.</p> <p>Det er ulike meiningar om det er modell 1 eller 2 som best kan ivareta kvaliteten på dei administrative tenestene. Ein del medlemmer meiner ein skal leggja størst vekt på likebehandling av studentar og tilsette, utvikling av felles arbeidsmåtar og kulturar i HVL og fleksibilitet når det gjeld å bruka administrative ressursar på tvers av fakulteta. Desse meiner at modell 1 er best. Ein føresetnad er at det er dedikerte personar/ressursar knytt til kvart enkelt faktultet på dei ulike arbeidsfelta.</p> <p>Nokre medlemmer meiner at nærleik til fagmiljø og leiing på faktultet og institutt er ein føresetnad for å yta gode tenester, og at det då er modell 2 som er best.</p>
<b>Kap 5</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Det er semje om at modell 1 har styrken sin i likebehandling av studentar og tilsette. På den andre sida vert det stilt spørsmål ved om det alltid er likebehandling som er det overordna kvalitetskravet for tenestene. I tenestene der fagmiljøa sin eigenart er vesentleg, kan modell 2 vera betre egna. Nokon</p>

	meiner òg at det kan bli større skilje og avstand mellom fag og administrasjon i modell 1.
<b>Kap 6</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
	<p>Stillingane i høgskulen må knytast til dei fem studiestadene med ei rimeleg fordeling. Det er viktig at lokaliseringa, òg i framtida, ikkje vert tilfeldig. Dette er viktig både for å sikra forankringa av tenestene og for å behalda gode og utviklande arbeidsmiljø på alle studiestadene. Denne dimensjonen må ein ivareta i det vidare arbeidet.</p> <p>Ansvar til prorektorane er nemnt i lista over det som må utgreiast nærmare. Det må òg avklarast kva administrative ressursar prorektorane skal støtta seg til.</p>